



Alver kommune, Plan og byggesak  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: 57d4f72a-c5ff-439c-b949-  
54ade3215fad  
Vår: 21/581 - 21/6417

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no

Dato:

05.02.2021

## Gbnr 124/29 Kjeilegavlen - uttale kultur

Viser til førespurnad om å koma med utale til søknad dispensasjon frå LNF-føremålet og plan- og bygningslova § 1-8 for oppføring av hytte og for etablering av tilkomstveg til frådelt hyttetomt.

Området som vert kalla «Den indre farleia» er eit låglent landskap med talrike landtunger og øyer, der fjordar, straumar og sund skil og bind saman. Leia har små og middels store landskapsrom og ei rekkje kulturminne knytt til denne viktige, heilårsopne ferdselsåra. I rapporten Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland er det peika på at dette landskapet er særleg sårbart for treplanting og attgroing, brukonstruksjonar over leia og høge konstruksjonar.

Når det gjeld det omsøkte tiltaket skal dette plasserast i eit område utan registrerte kulturminne. Det ligg allereie ein fritidsbustad mellom tomte og sjøen, og det er såleis heller ikkje snakk om utbygging av eit urørt område. Me kan ikkje sjå at det planlagde tiltaket reduserer kvalitetane ved området Den indre farleia i vesentleg grad.

Med helsing  
Alver kommune, Kultur

Bente Kopperdal Hervik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver kommune, Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG